

Handlingsplan for Hardangerkoret – 2021

Framlegg til digitalt årsmøte, 20/3- 2021

1. Organisering og rekruttering:

- Hardangerkoret er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står koret i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir.
- Hardangerkoret vil samarbeide med Haugetun Folkehøgskule og med andre folkehøgskular som kursarrangørar for korhelgene, dersom mogeleg.
- Hardangerkoret vil framleis rekruttere nye songarar til koret, og sender invitasjon og info om koret både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kyrkjesongforbund.

2. Økonomi

- Hardangerkoret må leite etter nye løysingar som kan kompensere for bortfallet av kortkursordninga via folkehøgskulesystemet.
- Hardangerkoret vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, SparebankenVest og andre.
- Koret skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.
- Koret vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Og koret skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonserne.

3. Kurs

I 2021 arrangerer Hardangerkoret 3 opne korseminar; 4-6.juni, 15-17.oktober og 12-14.november. Grunna Covid-19 måtte Hardangerkoret dverre avlyse dei planlagde korhelgene i januar og i mars. Ei helg vart først flytta til april, men går no ut.

Fast instruktør for koret og på kursa er Per Oddvar Hildre.

4. Konsertar

14.november har HK søkt stønad til konsertprosjektet «Songen vaknar» saman med musikarane Ole Amund Gjersvik-bass, Arild B.Nielsen- trumpet og Per Arild Skorgen-piano.

Arbeide for medverknad i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar.

Arbeide for konsertprosjekt festspela eller andre festivalar 2022 eller 2023.

5. Korturar

I korvedtektena frå stiftinga 2008, heiter det mellom anna at:

”Koret vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

www.hardangerkoret.no

Handlingsplan for Hardangerkoret – 2021

Framlegg til digitalt årsmøte, 20/3- 2021

Førerels har koret vore aktivt i Hardanger, Voss, Bergen og nær omegn.

I 2016 hadde koret ein flott kortur til New Orleans.

Og i 2018 gjekk turen til Europa, nærmere bestemt Ørsta, Spjelkavik og Volda

Sommaren 2019 deltok ei gruppe frå koret på Olavsdagene i fellesprosjekt.

10års-jubileumsturen 2019, gjekk til Roma 13.-17.oktober.

Arbeide for kortur i 2022 eller lenger fram.

6. Web-side

Hardangerkoret har si eiga web-side: www.hardangerkoret.no . Vi ønskjer å
bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Notar og
andre fellesdokument vert lagra på Dropbox.

Det er også oppretta ei Facebookside for Hardangerkoret. Og det er oppretta ei
lukka Facebookgruppe til internt bruk.

7. Logo

Hardangerkoret brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i
Hardanger” som logo.



HARDANGERKORET